

Til

Gjermund Flage, oppvekstsjef i Hyllestad Kommune

Hyllestad 10.10.2017

**Uttale i høve høringsnotat om forslag til endringer i  
barnehageloven, opplæringsloven, friskoleloven og forskrift om  
pedagogisk bemanning (minimumsnorm for grunnbemanning,  
skjerpet norm for pedagogisk bemanning og plikt til samarbeid om  
barnas overgang frå barnehage til skole og SFO)**

**Bemanningsnorm:**

Vi ynskjer velkomen ei presisering på bemanningsnorm i barnehagen. Vi ser at barnehagepersonalet ofte er pressa på både tid og ressursar i arbeidet for å gje borna ein god kvardag. Barnehagen har opningstid som er lengre enn ein vanleg arbeidsdag og dette byr på utfordringar ifht å dekke opp med nok vaksne heile dagen.

Ein vaksen pr 3 barn under 3 år og 1 vaksen pr 6 barn over 3 år er eit godt utgangspunkt for å sikre nok bemanning. Det vi ynskjer å vektlegge er at barnehagen må rustast til å møte utfordringar knytt til møter, plantid og sjukdom. Vi ser at det er bra å ha ei bemanningsnorm som er tydeleg, men opplever utfordringar med dette i ein hektisk kvardag.

Det må nemnast at det er ikkje nok å ha bemanning på plass uavhengig av plantid som skal gje dei ansatte tid til å planlegge det pedagogiske arbeidet. Når barnehagelæraren er ute frå avdeling for å planlegge må det inn ressurs på avdelinga som dekker opp denne!

Vi vil og nemne at det står ingenting om endring av barnets alder i barnehagen. Det har skjedd ei stor endring over dei siste tjue åra. 7 – åringane er vekke frå barnehagen, og det er vorte vanleg at barn starter i barnehagen når dei er rundt eitt år, gjerne før. Dette får betydning for arbeidet til dei tilsette. Små barn treng vaksne som har tid til tett oppfølging og omsorg. Med lovfesta rett til barnehageplass for barn født i november aukar presset endå meir på den enkelte ansatte. Det er stor forskjell å ha ei barnegruppe med berre 1 åringar kontra ei fordeling av barn spreidd over 1, 2 og 3 år i barnegruppa! Dette kan barnehagen i noko grad ta høgde for når ein set saman barnegrupper, men det er ikkje alltid ein kan styre dette slik ein ynskjer til beste for barn og dei tilsette!

### **Pedagognorm:**

Departementet sitt forslag om skjerpa krav til den pedagogiske bemanninga ynskjer vi velkomen! Vi ser at dette imøtekjem noko av det presset barnehagelæraren/pedagogiske leiaren opplever i det daglege arbeidet med barna og deira foresatte.

1 pedagogisk leiar pr 7 barn under 3 år og 1 pedagogisk leiar pr 14 barn over 3 år. I tillegg er vi veldig glad for presiseringa om at barn skal reknast som 3 år frå august av.

I samanheng med pedagognorma ser vi nokon utfordringar som kan gje konsekvensar for kvaliteten på tilbudet til barna.

Når det vert auka pedagogbemanning betyr det og at vi skal avvikle meir plantid. Dette får betydning for kor mange vaksne det er ilag med barna i løpet av barnehagedagen. I tillegg får dette konsekvensar for den resterande bemanninga på avdelingane. Fagarbeidarar og assistentar vil oppleve å vere færre vaksne over lengre tid enn tidlegare. Dette må det tas høgde for ifht å ha ressurs på plass når pedagogen skal planlegge, evaluere og legge til rette for eit kvalitativt godt pedagogisk opplegg på avdelinga si. Med ny rammeplan for barnehagen og barnehagelova med sine føringar vert det stadig større krav til den pedagogiske leiaren sitt arbeid for å sikre kvaliteten på tilbodet gitt til barna.

Vi meiner at det må komme ei lovendring til som seier at det skal kome inn ekstra personale(dvs. ein barnehagelærer/pedagogisk leiar) når barnehagelærarane skal ha si planleggingstid. Eventuelt må planleggingstida for barnehagelærarar/pedagogiske leiarar vere på topp av grunnbemanninga pr avdeling. Først då kan ein sikre at det er kvalitetsmessig forsvarleg å gå frå avdelinga for å gjennomføre planlegging, for – og etterarbeid!

### **Lovfeste plikt til samarbeid om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO:**

Dette synes vi er heilt på sin plass. Vi har etablert samarbeid her i kommunen, og i forbindelse med at Hyllestad Kommune er språkkommune skal vi arbeide med å videreutvikle dette samarbeidet som ein del av prosjektet språkløyper/språkkommune. Det er viktig at vi sikrar ein best mogleg overgang frå barnehage til skule/SFO for alle barn!

Hyllestad 10.10.2017

Med venleg helsing

Barnehagelærarar/pedagogiske leiarar i Hyllestad barnehage

Kopi til: Utdanningsforbundet Hyllestad v/Bjørnar Kristiansen

Medlemmer i Utdanningsforbundet i Hyllestad barnehage